



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 09.02.2016

Sak nr.: 16/160-5

Internt l.nr.: 5370/16

Sak: 3/16

Tittel: **Søknad om ruteløyve Flåm - Gudvangen frå Norwegian Fjord Voyage**

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Norwegian Fjord Voyage får tildelt ruteløyve på strekninga Flåm – Gudvangen på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld i 10 år frå 01.04 til 30.10.25.
- b) Ruta skal gå i perioden 01.04 – 30.10.
- c) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fylle gjeldande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- f) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga.
- g) Operatør må ha avtale med eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta dei søker om ruteløyve på.

Endringsframlegg:

Stein Malkenes MDG sette fram slikt framlegg:

Hovudutval for samferdsle ønsker å ta omsyn til ønske frå Verdsarvrådet av 04.12.15 om reduksjon av utslepp i verdsarvområdet og utset søknad frå Norwegian Fjord Voyage i sak 3/16. Selskapet legg fram utsleppstal for seglingane sine før Hovudutval for samferdsle kan ta stilling til søknaden. Administrasjonen påleggast å legge inn utsleppsinformasjon i denne og liknande saker.

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget frå MDG fekk 1 røyst og fall.

Framlegget frå fylkesdirektøren fekk 8 røyster og vart vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Norwegian Fjord Voyage får tildelt ruteløyve på strekninga Flåm – Gudvangen på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld i 10 år frå 01.04 til 30.10.25.
- b) Ruta skal gå i perioden 01.04 – 30.10.
- c) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.

- d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fylle gjeldande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- f) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga.
- g) Operatør må ha avtale med eigar av dei ulike kaiene på dei klokkesletta dei søker om ruteløyve på.